UTDANNINGS FORBUNDET
Sauda

OPPSUMMERING TIL STYREMØTE NR. 3/20
ONSDAG 15.04.2020 KL. 1700 – 1830

Møtestad: Teams

Innkalt	Innkalt	Forfall
Roar Fiveland, leiar, HTV	X	
Anne Irene Saua, nestl., kass., sekr., vara-HTV	X	
Martijn Bellemakers, styremedlem, webredaktør	X	
Irene Helle Hauge, styremedlem	X	
Berit Haustavik, styremedlem, leiarrepresentant		X
Gro Stensvåg Seim, styremedlem	X	
Ellen Ljostveit, styremedlem	X	
Arne Austarheim, 1. vara	X	

Sak 18/20 **INFORMASJON**

Ungd.: Har hatt kollegamøte. Det går stortsett greit. Litt lite arbeid for elevane. Diskutere kva grunnlag ein skal leggja for standpunktkarakterane. Tentamen skal dei prøve å få til ved å rullere på kven som er på skulen til kva tid. Kollegiet saknar kvarandre. Det blir for lita tid til å ta dei «vanskelege» spørsmåla, spes. fustrasjon og usikkerheit i forhold til 10.klasse og standpunkt karakterar. Krevande å samarbeida med kollegane. Kva med dei elevane som er i vippe posisjon i forhold til karakter?

Leab.: Pedagogane har Teams møte kvar dag kl.9.00. Har hatt telefon kontakt med heimane og facetime med nokre av barna. Er spente på oppstarten igjen.

Vidareg.: Ny rektor er tilsett. Saknar kontakten og spontaniteten i klasserommet. Det har blitt arbeidd ein del med å få alt på stell /hjelp til å få på plass undervisninga på nettet.

Austarh.: Har hatt eit møte på Teams med rektor og tillitsvald, elles har det vore telefonkontakt. Har fagarbeidarar på arbeid.

LLL: Det vert arbeidd godt på fylkes plan. Møte ein gong i veka med alle lokallagsleiarane og fylkeslagsleiar. Alt sentralt er avlyst ut skuleåret. Udf. Si heimeside sentralt er veldig oppdatert og informativ, - sjekk den ofte!

HTV: Travel start i Corona stoppen, mange møter. Fast møte med rådmann, kommunalsjef, bhg.fagleg, rektorane og styrarane. Behov for auka bemanning i forhold til oppstarten i barnehage og skule 1-4.klasse. Retningslinjene for bhg. kom onsdag veke 16, og måndag 20.april kjem dei for skule.

Sak 19/20 **OPPSUMMERING FRÅ STYREMØTET NR. 03/20**

Vedtak: Oppsummeringa frå styremøtet 9. mars vart vedtatt.

Sak 20/20 **ÅRSMØTET 2020**

TIDSPUNKT: 13.mai 2020, kl.17.40-18.10. Det blir digitalt årsmøte på Teams.
PÅMELDING: Frist 5.mai på heimesida vår.
GJENNOMFØRING: Udf. Rogaland har ansvaret for gjennomføringa. Det blir eit forenkla årsmøte m/valg. Styret får fullmakt til å ta saker til hausten.

Sak 21/20 DIGITALISERINGA

Vidaregående skule har lang erfaring i nettbasert undervisning. Dei andre skulane og barnehagane har hatt ei brattare læringskurve, men stort sett går det bra. Ser at det kan vera litt sårbart med kapasiteten på f.eks Showbie i periodar. Me saknar elevane og den vanlege kvardagen.

Sak 22/20 EVENTUELT

Sida til kommunen er dårleg oppdatert på Corona. Informasjonen kjem altfor seint.

Sauda 19.04.2020
Anne Irene Saua
Referent.